

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|-------|------------|
| Ane Bysheim | | 17/1081 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|--------------|------|------------|
| 27/2017 | Ungdomsrådet | PS | 11.05.2017 |

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Orientering om arbeidet med ungdomsklubb frå kultur-og ungdomskonsulent Ane Bysheim

Orientering frå skulefagleg rådgivar Reidun E. Johannessen om arbeidet mot mobbing.

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet - 27/2017

UR - behandling:

Kultur- og ungdomskonsulent Ane Bysheim opp summerte erfaringane frå UNG Melands (ungdomsklubben) første veke. Oppstats-arrangementet var vellykka - mellom 15 -25 personar til stades. Vekedagane har det ikkje vore besøk. Vi gjekk saman gjennom effekt /innsikt på korleis det verkar på FB, med spesielt fokus på effekten av at fleire delar et innlegg kort tid etter det er publisert. Representantane skulle og væra med på å snu opningsplakatane, slik at opningstidene er synlege i alle klasserom. Ytterligare evaluering vil væra i UNG Meland sitt møte mandag 15 mai, og endringar/justeringer vil være etter dette.

Skulerådgivar Reidun Elin Johannessen orienterte om administrasjonens vidare arbeid med anti-mobbe saka. PÅ ULK-møtet 30.05 er det mellom 09.00-13.00 ein Workshop med tema "Ytterligare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vera trygge på skulen". Invitere er politikarar, 6 frå Meland kommune (admin/kultur/PPT), alle rektorane og FAU-representantar frå alle skulane samt dei inviterte foredragshaldarane - til saman 35 personar. Her vil det bli presentasjon av forsking, RKBU Vest - Regionalt kunnskapssenter for barn og unge og deling av erfaring frå prosjekteiar i "Trygg i Fjell" prosjektet, samt innspel på ulike tema i grupper gjennom ein "Dialog-kafé".

Det var stor interesse for tema i UR, og mange som ville væra med. Utveljing av representant var med loddtrekning, og nestleiar Susanne Slettebakken (9. klasse Rossland skule) vart valt.

Ungdomsrådet vil gjerne at ho tar med til workshopen at det er viktig å involvera barn og unge i

arbeidet og å høyre og lære av deira erfaringar. UR til ha ei orientering frå Slettebakken i neste møte.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet tek orienteringane til vitande. Nestleiar Susanne Slettebakken stiller frå UR ULK si workshop med tema mobbing 30.05.17"